

## Språket

## Kommunereformer – og dialektforandring

**Dei fleste dialektgrensene** i Norge har lege fast heilt frå middelalderen, og dei følgjer ofte gamle administrative inndelingar. Når hallingar og valdrisar seier bjødn og jedne for bjørn og gjerne, likeins som sørvestlendingar har gjort, heng det saman med at dei to syslene austom Langfjella i middelalderen var – underleg for oss i dag kanskje – del av Gulating lagdømme og inntil 1631 av Stavanger bispedømme.

**Men kan nye grensedragingar** endre dialektkartet? Her har me nokre kommunereguleringar som kan gje oss eit svar. I 1877 og 1890 blei nordmørsbygdene Eidsøra og Raudsand flytta over til Nesset kommune i Romsdal, for vegsambandet gjorde det enklare å reise dit enn å ro over fjorden til Tingvoll. Men nordmøringane blei verande nordmøringar i dialekten sin i godt over 100 år trass i tett kontakt med romsdalingane.

**I 1999 la kommunen ned** skulen på den tidlegare nordmørssida, og borna der måtte begynne å ta buss til kommunesenteret Eidsvågen, der dei kom i klasse med romsdalingar, som var i stort fleirtal. Slik Lene Eidsør beskriv i Romsdal Sogelag Årsskrift 2007, gjekk det ikkje då mange åra før nordmørselevane begynte å seie «i he ei krone» i staden det nordmørske «e har ei kron». Men det skjer altså ikkje pga. kommunegrensene.

**På 1960-talet kom dei store** kommunereformene etter innstillinga frå Schei-komiteén. Midsund kommune blei i 1965 til som ei samanslåing av romsdalskommunen Sør-Aukra og sunnmørsbygdene Søre Midøya og Dryna. Mellom desse sunnmørsbygdene og romsdalsbygdene gjekk kanskje Norges skarpaste dialektgrense, og dei mange forskjellane var

bygdefolket svært bevisst på. Den språklege skjebnen der er no grundig studert, for Harald Grytten samla i 1969 materiale på Midøya til hovudoppgåva si, og Marie Fossheim reiste dit 40 år seinare for å samle inn talemålsmateriale på nytt, og ho har laga ei jamførande granskning.

**Den nye kommunen** la senteret til Midsundet på Otrøya, altså romsdalssida. Tre år etter samanslåinga blei ungdomsskulen innført i kommunen, og den blei sentralisert til det romsdalske kommunesenteret. Frå 1993 måtte òg elevane frå og med 5. klasse frå Midøya og Dryna reise på Otrøya. Då begynte det å skje noko radikalt med dialekten, og ein ser at elevane frå sunnmørsbygdene får meir og meir romsdalske former. Hos elevane fødd midt på 1990-talet er det sunnmørske «ei» blitt til «i» i 77 % av tilfella av pronomenet i 1. person eintal (altså eg). Den tjukke l-en får òg ein skår på 77 % hos dei; frå gammalt var sunnmørsbygdene kjemisk frie for den lyden. No snakkar elevane derifrå mest som romsdalingar, og ulikt foreldra sine reknar dei seg heller ikkje som sunnmøringar.

**At barndommen** er grunnleggande for kva dialekt ein lærer seg, kjenner me godt til. Kameratflokket og gjengen betyr i den alderen mykje for identitetsutviklinga; og på eit eller anna tidspunkt i ungdomsåra «stivnar» evna til å lære nye morsmål slik at språkidentiteten blir fastlagt då.

**Kommune- og skulepolitikarane** tenkjer neppe på sosialisering og dialekt når dei gjer vedtaka om grenser. Kommunegrensene legg rammene for nye vedtak om skulesentralisering, og dermed legg dei premissar for kva lokalsamfunn som skal

bli vinnarar og taparar i nye felles identitetsdanningar. Språkutviklinga blir slik eit symptom på noko anna enn språket sjølv. I den danske desentraliseringsdiskusjonen som foregår for tida, har statsministeren uttalt at alle i Danmark skal kjenne at dei bur ein stad der det er framgang, ikkje tilbakegang. Det skal vere ein måte å fordele velstandsveksten på. Dét perspektivet er eit friskt innspel i politisk tankegang.

**I det nyleg utkomne første bindet** av ei ny Norsk språkhistorie blir det òg fortalt om dialektutvikling og grensedragingar lenger nord i landet, nemleg i Bindal i Nordland, som i utgangspunktet var del av Namdalen. Men då Sverige i 1658 skulle få Trøndelag len, blei nordre delen «lurt unna» og lagt til Nordland, og der blei Nord-Bindal òg liggande etter at Sverige måtte gje tilbake Trøndelag to år seinare. I 1852 blei så Sør-Bindal slått saman med Nord-Bindal att og dermed lagt til Nordland. Gjennom desse hundreåra med skiftande grenser blei dialekten i Bindal verande namdalsk, men med litt helgelandspåverknad i nord. Viktige kontaktar har gått i begge retningar, for handelssambandet går mest til Namsos, mens ungdommane må reise til Brønnøysund på vidaregåande skule, men til Trøndelag for å ta høgare utdanning.

**Då Daniel Kristiansen** undersøkte talemålet for nokre få år sia, såg han at dialekten i Sør-Bindal framdeles er trøndersk, og at utviklingstrekka der i dag følgjer resten av Trøndelag. Derimot viste Nord-Bindal fleire dialektendringar som må ha spreidd seg siste generasjonen nordfrå. Her ser det ut som det skjer ei splitting – trass i at dei to delane fekk felles administrasjonsgrenser for vel 160

år sia. Korleis kan det skje? Jau, kommunen har ikkje greidd å sentralisere skulen. For å bli lagt inn under kommunesenteret Terråk i Sør-Bindal er det i Nord-Bindal oppretta privat barne- og ungdomsskule, og slik har bygdene der kopla seg frå det meir trønderske kommunesenteret. Nord-Bindal planla altså si eiga identitetsutvikling. Me ser dermed tydeleg at skulegrenser er viktigare enn kommunegrenser. Men skule og kommune har sjølv sagt med kvarandre å gjere, for erfaringa er at store kommunar gjer det lettare å presse igjennom skulesentralisering. Det kan ein godt ha i minne.



## Helge Sandøy

er frå Bud og forskar på talemål og språkhistorie. Han er professor ved Universitetet i Bergen. Bidragsytarar til språkspalta er: Edit Bugge, Helge Sandøy, Arnfinn Hovde og Bjørn Austigard.

Spørsmål kan sendast til:

## Spill om søndagsåpne butikker

## DEBATT

Kjell Magne Bondevik



en alminnelig handelsdag er stor både blant folk flest og hos arbeidstager- og arbeidsgiverorganisasjonene. Regjeringen har ikke funnet grunnlag for å fremme noe liberaliseringsforslag til Stortinget så langt. Bra er det. Jo nærmere vi kommer neste stortingsvalg, desto større er mulighetene for at en eventuell lovendring ikke vil tre i kraft før vi har et nytt storting, hvor det kan bli flertall mot søndagsåpne butikker.

**Mindre seriøse utspill**

Vi har vært vitne til flere mer eller mindre seriøse utspill fra butikkjeder. Det er levert anmeldelser, og det er brukt lasermåler for å kontrollere konkurranter. Det hele har virket som et spill med sikte på å ta innersvingen på konkurranter uten selv å få skyld for direkte lovbrudd.

Det var mer konstruktivt da arbeidstager- og arbeidsgiverorganisasjoner samlet seg om en plakat for å informere om og bidra til respekt for bestemmelsene, og da det ble bedt om et møte med

kulturministeren med tilsvarende formål.

Denne saken er for viktig til at mer eller mindre useriøse utspill skal drive situasjonen i en annen retning enn lovens intensjon.

**Respekt for loven**

Derfor var det positivt da statsråden etter møtet sa at gjeldende lov er klar og skal respekteres. Det er også en positiv utvikling når Norgesgruppen nå vil bygge om Joker-butikkene for å oppfylle lovens krav. Vi får håpe at dette er innledningen på en ny fase hvor respekt for, og ikke undergraving av, loven blir retningsgivende.

Någjeldende lovgivning har det gode formål å verne om helligdagen, men samtidig gi visse muligheter for nødvendige innkjøp. Dette er noe helt annet enn å gi fritt frem for å åpne alle butikker. Da viskes skillet bort mellom hverdag og helg, arbeid og hvile. Det er mange av oss som ikke ønsker et slikt samfunn. Loven i dag reflekterer denne holdning. Da

burde alle aktører være opptatt av å håndheve disse bestemmelsene, ikke bidra i et undergravende spill.

**Ikke latterliggjør**

Lenge ventet jeg på klarere tale fra dagens regjering. Fredagens møte sendte klare signaler ut til butikkene om at bestemmelsene skal respekteres. Det bør nå brukes mer energi på å følge loven enn å omgå den. Det virker som det er behov for en opprydding.

Det er ingen grunn til å prøve å latterliggjøre dagens lovverk, slik noen gjør. Etter møtet hos statsråden ble det varslet ny utredning av loven. Forbedringer og grensedragninger kan sikkert diskuteres, men formålet bør fortsatt være klart: La oss beholde den verdien som ligger i å ha søndag som en annerledesdag!

*Dette innlegget ble første gang publisert hos Aftenposten tidligere denne uka. red.anm*

Kanskje møtet hos kulturministeren sist fredag kan få debatten om åpningstidene inn i et mer konstruktivt spor.

**Vi har hatt en periode** med stadig nye utspill om søndagsåpne butikker. Det virket som om konkurrerende butikkjeder drev et svarteperspill.

Motstanden mot å gjøre søndagen til